Vestmannen

Nr. 6 Bergen, 20. august 2001 17. årgang

Vestmannalaget med lagslov frå 1925

I lov for Vestmannalaget for 1925 vert det slege fast at dei som skal verta lagslemer må meina at bokmålet er dansk. Dei må òg vera for å reisa nynorsken i skule, kyrkja og bokrike. Det ligg eit stort program attum ordleidingane i lovi. Lagslemene skal dessutan gjera det dei kann til å fremja det som kann vera til hugnad, gaman og bate for målsaki og samlaget. Lovi set store krav. Når ein ser kven som hev stade i brodden for laget kann ein slå fast at dei hev gjort sitt til å gjera ordi i lovi til røyndom. Frå Vestmannalaget hev målreisarar stige fram og markert seg hugheilt i lag og lyd. Mange er ukjende med denne lovi av di ho er lagd inn på ein lite synleg stad i boki *Vestmannalaget i 110 år*. Interesserte lesarar finn lovi på s. 286 i boki.

Log fyre Vestmannalaget

§1.
Meiningen med samlaget er å arbeida fyre målsaki, kvessa tjodskapshugen hjå lagsmennerne og fremja nordmannaskapen.

§2.
Lagsmenner kunna alle - både menner og kvende - verta, som hava rette vyrdnaden fyre målsaki og soleides ero samde um at det officielle bokmålet er dansk og ynskja at landsmålet skal koma til sin rett i skule, kyrkja og bokrike. Nykomande skulo verta inn-nemnde av ein lagsmann og vedtekne av stjorni. Samlaget kann ogso kora heiderslagsmenner.

§ 3.
I stjorni skal vera 5 mann, som verta valde fyre eitt år, med 3 varamenner. Formannen vert vald ved serskilt val. Stjorni vel sjølv sin varaformann og set til rekneskapsførar.

§ 4.
Alle lagsmenner ljota kjenna seg tilskylde å gjera kva dei kunna til å fremja det som kann vera til hugnad, gaman og bate fyre målsaki og samlaget.

§ 5.
Laget held minst 4 stemnor kvar vetter. Samlaget lyt bera umsut med å hava eit songarlag.

§ 6.
Lagspengarne ero 4 krunor året. Soframt laget samnar fleire pengar en det som tarvst til naudsynlege utlag, må dei berre verta brukte til tjodlege endemål etter rådgjerd i lagsens møte.

§ 7.
Det kann ikkje verta gjort umbrøytingar på denne logi utan i årsstemna, når tvo tridjepartar av dei frammøtte lagsmenn røysta fyre det.

§ 8.
Framande kunna verta innførde i samlaget av ein lagsmann.

Bjørgvin 21. januar 1868, 20. februar 1875, 30. marts 1900, 22. mai 1925.

Ordtøkjet:
Godt Hjarta og tom Hand
vil ikkje semjast
Etter Ivar Aasen

I dette bladet

Vestmannalaget med lagslov...	1
Norsk Ordbok	2
Ei ny målreising	3
Prøvefyrelesingar	4
Aldersdepresjonar	6
Korkje Marx eller Gud	7
Dahl på vidåtta	8
Astram	10
Profetar før og no	12
Framifrå bok frå eit grannel.	14

Anna fast småstoff

Norsk ordbog i ny utgåva i 2002

Med latinsk skrift for fyrste gong

Avisa Møre-Nytt i Ørsta på Sunnmøre hadde no nyleg ein samtale med Terje Aarset som fortel at "Norsk Ordbog" av Ivar Aasen kjem i ny utgåva vonleg i 2002. Dei som arbeider med utgåva er fyrsteamanuensis Terje Aarset på Høgskulen i Volda og fyrsteamanuensis i norsk på Universitetet i Oslo, Kristoffer Kruken, ved seksjonen for namnegransking. Dette er sjette utgåva av ordboki.

"Norsk Ordbog med dansk Forklaring" er det store og monumentale ordboksverket til Ivar Aasen, frå 1873. 1873-ordboki er fullføringi av den noko mindre "Ordbog over det norske Folkesprog" som kom etter den lange granskarferdi til Aasen, i 1850, nærast ei norsk dialektordbok. I 1873 hev Aasen fullført standardiseringi av målet, og lesaren møter her aasenmålet, den landsdekkjande samnemnaren for dei norske målføri. Sidan hev boki kome i fleire upplag, millom anna utgåva til Vestmannalaget i 1918, då Cornelius Bergh Bugge var lagsformann. Sidan hev Fonna Forlag stade for utgjeving av dette hovudverket til Ivar Aasen, som Terje Aasen med rette segjer "vert ståande som ei søyle so lenge det vert snakka norsk i Noreg". Ho hev kring 40 000 ord, etter det som er pårekna.

Den nye utgåva av "Norsk Ordbog" fær latinsk skrift, det vil segja det skriftslaget som folk jamnast ser i dag. Dei tidlegare utgåvone er upp-prent av originalen og hev frakturskrift, gjerne kalla gotisk skrift. Utgjevarane medgjev at Aasen hadde mislika dette skriftbytet. Aasen lika best og heldt urikkande fast på den gotiske skrifti som var den tilvande då, og han gav ymse grunnar for dette, millom anna at folk flest var vane med skrifti. So lenge dei i grunnskulen (folkeskulen) lærde både frakturskrift og latinsk skrift, gjekk dette vandelaust. Men i 50 år eller vél det hev frakturskrifti vore ute or lærebøkene, og mange studentar og andre lesarar hevdar dei ikkje skynar dette skriftslaget. No krevst det ingen stor kunst å læra det gamle frakturalfabetet, men truleg hev det hopa seg upp mange kjøpehuga som sikrar seg den legendariske og enno mykje praktisk nyttelege ordboki når ho kjem med dei skrifttypane som no er vanlege. Siste utgåva hev vore utseld i nokre år, og dette hev ført til umfram auke i talet på kjøpehuga.

"Norsk Ordbog" er innskrivi på data med latinsk skrift på Seksjon for lesksikografi ved Universitetet i Oslo, og det er dette datamaterialet Aarset og K. Kruken no les korrektur på og prentebur. Det er eit storarbeid. Utgjevar av ordboki vert Det Norske Samlaget, og det er rekna med stor etterspurnad. Verket fær ny innleiding. Aarset skriv um Aasen sitt arbeid med ordboki og um dei utgåvone som er komne til no. Kruken skriv um den typografiske luten av arbeidet. Aarset og Kruken hev eit stipend på 150 000 kronor for arbeidet med boki, frå Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening.

Språkfolk i innland og utland brukar vedvarande ordboki til Aasen, og mange i Noreg held no som tidlegare ordboki for den beste, tryggaste og lettaste ordboki i vårt mål. Eit lite varsku: sume kjem til å lupegranska at utgjevarane ikkje rører ei hårsbreidd meir enn sjølve alfabetskiftet krev. Dette gjeld sjølve grunnkjelda for nynorsk skriftmål, ein ubrigdeleg nasjonal skatt.

Jostein Krokvik

Internasjonale målreisingar

Vestmannen kjenner til at det er planar um ei tilskiping i Bergen um internasjonale målreisingar. Høgnorskrørsla stend attum tilskipingi. Det skal verta fyredrag um ymse mål og målsamfund. Tilskipingi skal gå yver tvo dagar og tek til 27. oktober. Programmet er ikkje endeleg fastsett, men det vert millom anna fyredrag um sanskrit, eit mål som millom anna er nær knytt til moderne mål i India og Pakistan. Noreg hev mange innvandrarar frå båe desse landi og soleis burde emnet vera lærerikt for mange norske.

DAG OG TID

Lyser opp i målmørkret!

Ring oss i dag og ting avisa til spesialpris;
199 kroner for eit halvt år!
Telefon: 22 33 00 97



Dag og Tid
Pilestredet 8, 0180 OSLO
Tlf. 22 33 00 97 – Faks 22 41 42 10 – E-post:bladstova@dagogtid.no

Vestmannen

Vestmannen kjem med 10 nummer i året
Bladpengar: 150 kr for året
Studentpris: 100 kr

Kan tingast på poststader og frå Vestmannen ved bladstyraren.

Postgiro: 0802 4 25 63 92
Bankgiro: 6504.10.12484

Utgjevar:
Vestmannalaget
5000 Bergen
Tlf. 55 34 33 77

Bladstyrar:
Lars Bjarne Marøy
Eliasmarken 14
5163 Laksevåg
Tlf. 55 34 33 77

Rekneskapsførar:
Helge Liland
Nattlandsvegen 80 B
5094 Bergen

Prenta hjå:
Nytrykk as
6143 Fiskåbygd
Tlf. 70 0 2 13 07
www.nytrykk.no

Tilskrift: Vestmannen, Lars Marøy, Eliasmarken 14, 5163 Laksevåg
Internett: www.sambandet.no

Ei ny målreising

Både ved innføringi av den nye rettskrivingi i 1917 og ved målbrigdet i 1938 vart målet um samnorsk gjenom eit radikalt bokmål sett fram. Det radikale bokmålet vart innførd i ei rad skulekrinsar ved båe høvi. Ingenting hev øydelagt meir for målreisingi enn desse framstøytane.

I dag lyt dei fleste vitskapsmenn som torer å døma objektivt sanna at målbrigdet i 1938 var eit klårt brot med dei grunnsetningane som Aasen hadde lagt attum arbeidet sitt.

Men i dag hev det vorte ein vitskap og ein rein kulturindustri attum å underbyggja regelbroti som vart innførde i 1938. Ingen let til å tora å taka fylgjone av rothoggingi av grunnsetningane til Aasen.

Målet som skulde vera ei hjelperåd for tankeklårleik og språklege openberringar vert meir til stelp enn til hjelp. Det fører òg med seg at dei som skal arbeida for målet og målsaki i mange høve kjem langt ut på vidåtta. Målreisingi hev frå langt attende vorte knytt til politisk radikalisme. Denne radikalismen hev leidt målrørsla inn på tidevatsstraumar som hev brote med den målslege konsistensen som trengst.

Boterådi mot den politiske radikalismen må vera å arbeida for ei kulturkonservativ tilnærming til rådande tilstand. Målfolk må få ei djupare skynsemd for dei psykologiske og estetiske mekanismane som kann få folk til å arbeida for og velja nynorsk. Å tru og arbeida for at folk skal skifta mål til nynorsk av ålmennpolitisk yvertyding, er å gjera målreisingi til eit verkty for politiske opportunistar. I staden for må ein syna at det finst ein samanheng i målet som kann nøra ihugen på alle livsens område.

Difor må ein reisa fana mot alle som vil gjera nynorsken til eit underbruk av politiske meiningar. Dimeir av di mållaget og andre organisasjonar som skal forsvara og arbeida for nynorsken då bind seg upp til å propagandera politiske haldningar til folk som dei vil yvertyda. Det er ikkje målrørsla sin jobb å arbeida for politiske haldningar gjenom til dømes å gå mot kapitalkrefter, urbanisme, globalisme og gjenom å vera for distriktspolitikk. Det er derimot målrørsla si uppgåva å setja målet fremst og so sjå um målet og målstoda i andre delar av verdi kann læra oss noko um korleis me kann lukkast i den heimlege målreisingi på våre eigne premissar. Likeins um målreisingi kringum i verdi kann segja oss noko som kann yverførast til ålmennpolitiske uppfatningar. Men her skal ein vera varsam. Det er råd å gjera mange ålmennpolitiske slutningar av mål og målstoda kringum i verdi.

Det er målet som må vera einskapleg ikkje den politiske tilnærmingi til målet. Den politiske tilnærmingi til målet både kann og må vera av alle slag. For dei som vågar å tenkja slik, skulde det vera råd å ikkje berre sanna at målbrigdet i 1938 var gale, men òg å arbeida for ei høgnorsk målreising som råder bot på den bokmåliseringi som tyner nynorsken og som øydelegg det målpolitiske gangsynet med politisk opportunisme.

Lars Bjarne Marøy

VESTMANNALAGET

Formann Jon Askeland, tlf 55 58 93 03
Epost: Jon.Askeland@sfu.uib.no
Skrivar: Harald Linga, Kringlebotn 267, 5223 NESTTUN
20. sept. *Arne Garborg. Sveinung Time m/evt. Liv Marit Aksnes talar.*
18. okt. *Ikkje fastsett.*
15. nov. *Indrebø og norsk målsoga. Oddvar Nes talar.*
13. des. *Folkemusikktradisjonar frå Hordaland og S & Fj. Reidun Horvei m/evnt. fylkesmusikarane.*



Gåvor til Vestmannen
Sverre Wetteland 150,-
Vestmannen treng gåvor og takkar.

Rettingar til Vestmannen nr. 5, 2001

I stykkjet til K. E. Steffens *Kven råder over livet?* hev nokre ord falle ut millom s. 5 og 6. Me tek upp att dei tvo siste ordi på s. 5 og avsluttar attgjevingi med dei tvo fyrste på s. 6, so kann lesarane sjølve sjå samanhengen:

... hjå biografar som i altfor liten grad er klåre over eller ynskjer å leggja dei djupare og personlege motiva...

I stykkjet *Problemet Heidegger* hev eit namn vorte rangt øvst på s. 9. Heidegger hev vorte umbytt med biografen hans. Rett setning skal være: «Hadde ikkje Heidegger lese *Mein Kampf?*» I same stykket hev siste ordet falle ut. Me tek uppatt siste setningen: «Men som menneske var han heller ring, og der er mangt i orienteringa og verket hans som tyder på varig svekt filosofisk dømekraft.»

Vestmannen segjer seg leid for desse misprenti.

LBM

Tri prøvefyrelesingar um norsk målsoga

av Klaus Johan Myrvoll

31. mai vart det halde prøvefyrelesingar på nordisk hovudfag på Universitetet i Oslo. Hovudfaget er bygt upp av eit grunnemne, som er bunde, tvo emnekrinsar, og so hovudfagsuppgåva. Prøvefyrelesingi skal vera i ein av dei tvo emnekrinsarne, og studentarne vel kva for emnekrins dei skal tala ut ifrå sjølve. Tri av fyrelesingarne denne dagen galdt nyare norsk målsoga og målstyring [-normering]. Den eine var ei jamføring millom Ivar Aasen og Knud Knudsen, den andre ei verdsetjing av rettskrivingsgrunnsynerne i norsk-dansken og den tridje ei utgreiding um samnorskstrævet. Eg tenkte det kunde vera forvitneleg å høyra korleides so langt komne studentar i nordisk såg på desse emni, og møtte fram til dei um lag 45 minutt lange fyrelesingarne med opne øyro og kvesst penn.

Fyrst ut var Widar Bruerberg. Han hadde fenge uppgåva: "Knud Knudsen og Ivar Aasen - en sammenlikning med hensyn til ideologi og praksis". Bruerberg gjorde greida for målstoda i byrjingi av 1800-talet, og gjorde det godt. "Det norske folket tala stort sét norsk, men det fanst ikkje noko tjodlegt skriftmål." Det er lite å segja på den skildringi. Det same kann ein ikkje segja um måten han skildra stoda i dag på: "Serskilt for den norske målstoda er at me hev tvo utgåvor av same målet." Dette dyl den klåre samanhengen millom tvomålstilstandet på 1800-talet og tvomålstilstandet i dag.

So gjekk han yver på dei tvo hovudmennerne for fyrelesingi. Eg skal halda meg til utleggjingi um Aasen. Det er velkjent at Aasen var åtfinnug andsynes målføri ved Oslofjorden og bymåli. Bruerberg gjorde ein hugodd [poeng] ut av dette, og gjekk so langt som å hevda at Aasen såg ned på og ikkje tok umsyn til desse målføri. Det er å draga sanningi vel langt. Det er tolugt visst at Aasen samla inn mykje ordtilfang frå vikverske målføre, sjå t.d. boki åt Kristian Strømshaug, *Mål i Østfold* (1995), og *Målsamlingar 1851-1854 av Ivar Aasen*, som vart utgjevi so seint som i 1999. Me må skyna det Aasen skriv ut ifrå dei endemåli han hadde. Aasen vilde hava eit sermerkt, norskt mål, rikt på skil og avskyggjingar. Når Aasen skriv at strandmåli på Agder "ikke er av nogen viktighed", tyder ikkje det at han såg heilt burt frå desse målføri; nei, me må skyna det so at dei ikkje hadde noko nytt å gjeva mållæra han emna på. Han fann det same her som andre stader, elder formerne var færre. Visseleg hev folk som hev dømt um verket åt Aasen hengt seg alt for mykje upp i former og endingar. Me må hugsa på at setningsbygnaden i norsk stort sét er lik i alle målføri, og dei hev mykje av det same ordtilfanget. På båe desse umkvervi var landsmålet åt Aasen landsgildt, same kor ein vrid og vrengjer på det.

Når det gjeld bymåli, må me hugsa på at byarne var mykje mindre og færre enn dei er i dag. Kor som er fører det ingen veg å tolka Aasen ut ifrå folkestyret, so som Bruerberg gjorde i nokon mun. Jamvel um fleirtalet av folket tala målføre som landsmålet på set og vis skulde samla upp i seg, kann ikkje dét ha vore avgjerande for Aasen. Kvifor valde han då mange mindretalsformer der han stod andsynes røynlege formval? Kvifor valde han fleirtalsbøygjing i gjerningsord, skilnaden på "store dagar og stutta næter" elder, for so vidt, i-målet? Me lyt òg hugsa på at dei ikkje visste so mykje um bymåli på den tidi. Det var lenge fyre dei store granskingarne åt m.a. Amund B. Larsen, som synte at bymåli (då ser eg burt frå "dana daglegtala") hadde vakse fram på heimleg grunn frå gamalnorsk, nett som dei hine målføri.

Bruerberg lagde fram det han meinte var fjore hovud-grunnsetningar som Aasen nytta då han sette upp landsmålet: Det skulde vera berre éin skrivemåte av kvart ord; skriftmålet skulde byggja på former i målføri og ikkje gamalnorsk; målet skulde hava ein indre samanheng og ein skrivemåte som synte ordsoga; og gamalnorsk skulde vera rettesnori når det var naudsynt å velja millom fleire former. Bruerberg hev gått mykje rett, men eg saknar ei utgreiding um samnemnarsyni. Denne grunnsyni hev ovleg mykje å segja for kva tilhøve det vart millom målføri og Aasen-målet. Ho gjeng ut på å finna fram til éi form av kvart ord som kann samla upp i seg alle avbrigdi i målføri. Målføreformerne skal kunna tydast ut frå denne formi med hjelp av målbrigdeloger. Det er truleg vantande kjennskap til samnemnarsyni som fekk Bruerberg til å hevda at Aasen lagde mest vekt på vestlandske og midlandske målføre, og at han valde sume gamalvordne drag. Her hadde han med ei tilvising til Olaus Fjørtoft, som meinte bjørgvinsmålmennerne burde "lye meir ette Bryggjesjauaren" (*Nokre Or te Bondevenne og Maalmenn*).

Næstemann, Halfdan Holth Haug, hadde fenge den noko flokute uppgåveteksten "En redegjørelse for og en vurdering av de rettskrivningsprinsipper som har vært aktualisert eller anvendt i norsk språknormering innenfor bokmåls-/riksmålstradisjonen fra og med 1800-tallet og fram til i dag". Haug skilde ut umgripet 'rettskriving' til å vera eit set med reglar for korleides ein skal gjeva att ljodar som ein er samde um korleides vert uttala. Ut ifrå denne avgrensingi vert 1862-brigdet det einaste røynlege rettskrivingsbrigdet i norsk-dansken. Alle dei hine, frå 1907 og frametter, hev vore målbrigde. Dei hev gripe inn i sjølve målbygnaden, og freista å brigda på honom. Eit godt døme er freistnaderne på å føra inn tri kyn i målet.

Målsyn hev yverskygt røyndomskjensla i norsk målstyring, hevda Haug, og dette var ein raud tråd i fyrelesingi hans. Han viste til at det berre var att spor i nokre skrivemåtar i norsk-dansken av 100 år med idug "målplanleggjing". Riksmålet hev sigra, som Lars Roar Langslet skriv i

Til side 5

Tri prøvefyrelesingar... frå side 4

den nye riksmålssoga.

Haug gjekk hardt i rette med Knud Knudsen og tankarne hans um ljodrette skrivemåtar. Han refsa Knudsen for å ha gjort skulen til ei slagmark for målstriden, og for å ha innført valfridom i norsk målstyring. Valfridomen er ueigna til skulebruk, hevda Haug. Dessutan var det han som innleidde statsstyrt målstell. Ei stor uheppa for norsk-dansken var at mange av deim som skulde verja det målet, hadde sét på landsmålet som det norskaste målet, og ikkje tort å jamna norsk-dansken på fritt grunnlag. Landsmålet hadde vorte ein ris bak spegelen, sagde Haug. Dei burde ha lagt meir vekt på at dansken hadde vore ei berande kraft i norsk åndsliv radt frå dansketidi, og halde fram den arven.

Haug gjorde grundig greida for bakgrunnen for og umstendi ikring alle rettskrivingsbrigdi i norsk-dansken på 1900-talet, og syntest hava god innsyn i grunnkjeldorne. For det meste fann han åt dei brigdi som hadde vorte gjorde; dei bygde ikkje på røynlegt målbruk, men vart tvinga på målet utanfrå. Serleg ille var det i 1938, då dei tvo måli skulde samlast so mykje som råd "på norsk folkemåls grunn", og det med statlegt påbod. Haug spurde kva 'folkemål' skulde vera for noko. Umgripet hadde vorte nytta i samband med umboti i 1917 òg, og då såg det ut til at dei lagde manntalet til grunn: Folkemål var dei formerne fleirtalet nytta i talemålet sitt (skriftmålet tok dei mindre umsyn til). Men i 1938, hevda Haug, låg det mykje av eit nasjonalistisk-marxistisk livssyn under. Folkemålet fanst fyrst og fremst på Sud-Austlandet av di her fann ein sameiningi millom bondeproletariatet og byproletariatet.

Rettskrivingi frå 1981 er den mest gjenomførde valfridomsrettskrivingi me okon gong hev havt, meinte Haug. Her er alle rettskrivingarne samla i eitt, so å segja. Til døme på det nemnde han at det er lov å skriva alt frå *broen*, yver *broa* til *brua*, og um ein tek med sideformerne, *bruen*. Men målbruket syner at det er dei mynstervali samfundet tek yver tid som avgjer korleides skriftmålet vert utsjåande - "ikkje ein gong dialektbylgja hev kunna rikka noko ved det", lagde han til. Haug runda av med å slå fast at tala og skrift er tvo ulike viser menneskja målber hugen på, som ikkje kann blandast i hop. Dei hev kvar sine umkverve, og det er ikkje so beinkløyvt å draga linor millom deim.

Haug skal hava ros for at han gav ei frisk og innhaldsrik fyrelesing. Ho var tydeleg merkt av at han hadde ei frirådug syn på saki, men det skadde ikkje. Då han kalla ei rettskrivingsnemnd som Riksmålsforbundet sette ned i 1913 for "Riksmålsforbundets høyst uekte barn", laut jamvel samnorskmannen Arne Torp, som sat i domsnemndi denne dagen, draga på smilen. Alt i alt sette Haug rettskrivingssoga dei seinste 150 åri i eit forvitnelegt ljos, der skriftmålet og skrifttradisjonen stod i høgsætet. Nordiskfaget hadde truleg vunne på at slike synsmåtar hadde vorte meir påansa.

Tridje- og sistemann var Vivi Sjøberg Moum, som skulde tala til yverskrifti "Samnorsk og samnorskstrev - ideologi, praksis og resultater sett i et 150-årsperspektiv". Ho byrja med å visa til at det er det samfolkelege målåret i år, der målmangfaldet er ei av hovudsakerne, og meinte at det å støypa dei tvo måli saman til eitt, gjeng mot mangfaldet. Til det er å segja at same kva for ei lina ein slær inn på i den norske målstriden, gjeng ein mot mangfaldet. Ein vel seg eit mål, og søkjer å fremja det framum andre. Lars Eskeland peika på at eitt av dei tvo måli me hev her i landet lyt bukka under for det andre, og det kann det vera noko i.

Moum samla seg serleg um 1938-målbrigdet og den rolla Arbeidarpartiet spela i denne samanhengen. Ein lykelmann her var Halvdan Koht. Han sette inn mykje krafter på å få Arbeidarpartiet til å føra igjenom samnorsken, og må segjast å ha vunne fram. Moum sagde at 1938-målbrigdet var den mest rothoggande målumboti me hev havt, og kalla det "eit umbrøyte i målvegen". Det kunde verka som ho såg eit framstig i det. Ho nemnde dei mange motmæli frå målfolk som meinte at målbrigdet var eit yvergrip mot målet deira, men tok ikkje stoda til deim.

I samband med at ho greidde ut um skipingi av Norsk språknemnd i 1952, nemnde Moum at riksmålsfolket neitta å vera med på grunn av umbodet nemndi hadde fenge. Her sakna eg upplysning um at målfolket takka nei til sæte i nemndi, det òg. Moum kom elles med ei forvitneleg åtgåing um arbeidet i språknemndi: Det var nynorsken som tok det største stiget i samnorskleid med læreboknormalen frå 1959, medan bokmålet feste seg kring dei bundne brigdi frå 1938. Noko Moum ikkje nemnde, er at utrekningar som Gustav Indrebø gjorde, og seinare Per Ivar Vaagland i boki *Målrørsla og reformarbeidet i trettiåra* (1982), syner at det var nynorsken som vart brigda mest i 1938 òg. Det tyder at det heile vegen var nynorsken som laut bløda med formerne sine i samnorskstrævet. Det er ein tankevekkjar når me veit at nynorsken stod på *samnorsk* grunn alt, han hadde heilt frå Ivar Aasen vore den samlande skriftfestingi av dei norske målføri.

Etter å ha gjort greida for rettskrivingsbrigdet i bokmålet i 1981, freista Moum å tyda ut kvifor me ikkje hev fenge noko tilsvarande brigde i nynorsken. Ho trudde at ein grunn kunde vera at nynorsken ikkje hev nokor gruppa som kann krevja å få inn att former frå ei "dana daglegtala", so som riksmålsrørsla. Då legg ho alt for stor vekt på talemålet. Sjølvsagt hadde det noko å segja at det stod eit støtt talemål attum riksmålet, men det er tolugt visst at det var den sterke *skrifttradisjonen* i riksmålet, og medvitet um honom, som gjorde 1981-brigdet naudsynt. På nynorsksida hev dei jamt vore for lite upptekne av det dei i røyndi skulde reisa: skriftmålet.

Fyrelesingi åt Moum enda som alle "umerkte" utgreidingar um samnorsk plar gjera no for tidi: Tilnærmingi synest ikkje hava noko fyre seg lenger, og dei tvo skriftmåli kjem til å liva jamsides einannan langt inn i framtidi. Målstoda i dag er merkt av mangfald, meinte Moum. - Minkande norskdom, vilde eg helder ha sagt.

Berre aldersdepresjon?

av Trygve Lande

Nokre merknader til Halvor Sigurdsen sitt innlegg *Mot Soleglad* i Vestmannen nr. 5 um privatpersonen Arne Garborg kan vera på sin plass. Halvor Sigurdsen skriv:

"Mykje [...] av det som var uppe den gongen Arne Garborg skreiv, og som han kommenterte av di det var dagshende, var småting. Og jamvel um dei etter tidsumstende var større tilburder, er dei i dag utan ålmenn interesse - jordspursmålet, kapitalmakti, den nasjonale politikken, målstrævet."

Um me likar det eller ikkje, ser det ut til at nasjonal politikk og målstræv er sers forvitneleg for mange land framleis, til dømes for Balkan, Spania, Frankrike, Belgia, Nord-Irland, United Kingdom, Færøyane - for ikkje å snakka um land utanfor Europa. Ei onnor sak er det at sume ikkje vil at målstræv og nasjonal politikk skal vera av nokor interesse i det heile.

På mange vis er verdi seg sjølv lik. At soleis ein rik bonde i eit førpostmoderne agrarsamfund for godt og vel to tusen år sidan tok imot ein angrande heimkomen son og slakta ein gjøkalv for å laga til eit gjestebod for han, det synest kanskje ikke å vera eit slikt storhende for folk i dag som TV-program av "Big Brother"-slaget. Likevel skal det finnast sume med visse serinteressor som framleis er upptekne av tilhøvet millom denne oldtidsbonden og sonen hans.

Halvor Sigurdsen finn mykje svartsyn og syting i Garborgs dagbøker, og skriv um diktaren at hans "pessimisme og furtenskap sleppte han laus i loftsromet på Labråten, i ein sjøvvalda isolasjon...", og at han "tok det som ei personleg fornærming um folk ikkje vyrde diktingi hans."

Tidvis gjorde nok privatpersonen Arne Garborg seg vel mykje eitt med diktaren Garborg, men det var truleg naudsynt for at han i det heile skulde kunna samla seg um sine makelause verk. Og endå um han isolerte seg, er likevel ikkje "furtenskap" det rette ordet her, for kva skal ein då segja um Ibsen, dersom ein mæler han med det same mål? Vil til dømes "Ibsen og furtenskapen hans" høva som emne for ei avhandling av ein eller annan skrivande litteraturstudent?

Brukar ein elles Garborgs dikting og visjon um ein nasjonal kultur til mælestav på det norske pratelivet (som me forresten skal ha vyrdnad for) dei siste tjuge åri han levde, so vil nok sume heller kalla "svartsynet" og "sytingi" hans for rettkomen, klår kritikk.

Um Euripides og Dostojevskij er kjende for å ha menneskeleggjort "den store syndar", so makta Garborg å menneskeleggjera slike typar som det - iallfall tilsynelatande - går tolv av på dusinet (som Daniel Braut m. fl.), samstundes med at han i sin kunst skapte ein ny, fargerik folkekultur ut frå ein gamal, utdøyande småbondekultur. Med folkekultur meiner me her umgangsform, åndsliv, åndskultur.

Med romanen *Fred* (1892) stend Garborg fram som ein fyregangsmann for ein sermerkt ekspresjonisme, liksom kunstmålaren van Gogh, som skil seg noko ut frå Edvard Munch og den tyske ekspresjonismen.

I dei seinare skriftene sine nådde han fram til ein ny og merkeleg stil, tilsynelatande sers uvand, endefram og "naturleg", men i røynda nøgje gjenomtenkt. Det kravet han må ha sett til denne stilen, synest å vera det same som det han sette til det norske målet (i *Vor Sprogudvikling*, s. 42-43, Oslo 1897): "...til Landsmaal vil me ha det beste, det rikaste og mest fulltonande norske som Lande eig. For i det kjenner me og att det beste i vaart eige, det djupaste, det [...] som me kjenner so underleg att naar me høyrer det, som halvgløymde Tonar fraa Barneheimen. Og her er daa vaart fyrste Krav til Landsmaale. At det attaat maa vera so lett og praktisk som Raad er, - det vert daa vaart næste Krav."

Skulde han få oss til å høyra "dei halvgløymde tonar frå barneheimen", måtte ordi hans få ein viss verknad på det umedvitne i oss, samstundes med at det han skreiv måtte synast naturleg, klårt og einfelt - og likevel ikkje kvardagsleg flatt. I dei seinare "bladstubbane" og brosjyrane sine når han òg dette målet. Stilen hans vert no uvanleg assosiasjonsrik og dermed meir dynamisk biletskapande enn biletrik.

Når Garborg til dømes ein stad talar um kollektiv skuld, so skriv han ikkje som Dostojevskij at "alle er skuldige andsynes alle". Han vel ein annan segjemåte: "Alle var med paa det" (*Norske Embættsmenner*, s. 4, Oslo 1906). Og er det ikkje nett det både born og vaksne segjer når dei ser fylgjone av det galne dei har gjort? Tenk til dømes på politikaren som kjenner seg andsvarleg for underskotet på statsbudsjettet og er redd for kritikk! Den nye stilen til Garborg fær det sams med stilen i evangelii at han vert beinveges skynande for både born og vaksne - her er ingi barnsleg tilgjersle, i motsetnad til det som me fann hjå ein prest som vilde "nå dei unge" og då kom til å ropa ut: "Jesus æ'kke skvetten!" Svært mange av Garborgs seinare avisstubbar og brosjyrar merkjer seg ut som stilistiske meisterverk, reine perlor som me fær vona ikkje berre er kasta ut for sume målpolitikarar som berre vil trø dei under føtene. Det kan nok vera at sume i samtidi og i nær ettertid skyna seg både på den ekspresjonistiske stilen i romanen Fred og den stilen han meisla ut i eldre år; me har forresten eit prov på det i ei eldre utgåve (frå 1933) av *Familieboken*. Der skriv ein anonym forfattar ein sers god artikkel um kunstmålaren van Gogh og viser serleg til Garborg, men òg til Strind-

Til side 7

Korkje Marx eller Gud er daude

av Eivind A. Dalseth, Vågland

Nyfilosofane i Frankrike proklamerte at Marx var daud for tvo tiår attende, og Nietsche profeterte um Guds daude. Ingen av dei hev fått rett. Dei er falske profetar for eit avleggs syn.

Marx derimot profeterte rett um utviklingi av kapitalismen. Han spådde at kapitalismen vilde 1) internasjonaliserast 2) monopoliserast og 3) fremja ei ny form for neokolonalisme.

I dette hev han fått rett. Det ser me for augo våre. Vidare spådde han at profittraten vilde falla og gjera ende på kapitalismen. Det står att å sjå. Og det står att å sjå um tankeslutningane um revolusjonen skal slå til.

Men det er viktuge spådomar Marx hev fått rett i. Og han er slett ikkje daud enno. Enno er det sumt i ungdomsskriftene hans og i hovudverket "Kapitalen" som det er verdt å sjå på. Den kommunistiske rørsla hev lege ned sidan Sovjetstaten fall i hop. Men sovjetkommunisme var ikkje ekte kommunisme, men ei form for statskapitalisme, og den skal ikkje Marx bera skulda for. Marx spådde at staten vilde falla burt i det kommunistiske samfunnet.

Ateismen er kommunismens pubertetssjukdom. Men i dag er revitaliseringane av kommunisme eit kristna prosjekt. Dei tidlege kristne levde kommunistisk, og den katolske kyrkjelæra hev ytlege kommunistiske drag. So Gud er heller ikkje daud, som Nietsche spådde.

Alle ser at me lever i ei urettferdig verd med ulik fordeling av godi og rikdomen. Det er ikkje etter Guds vilje. Men menneski hev meir og meir vendt seg burt frå Gud og Jesus, og i det ligg roti til alt vondt. I staden hev det kome avgudar og pengegriskskap. Det er godt at Gud og Marx lever. Det er ei motvekt mot liberalismen og kapitalismen.

Berre aldersdepresjon? frå side 6

berg.

Av fagfolket i samtidi og i 70 års ettertid vart Garborg skyna stykkevis. Rolv Thesen forstod kanskje mest, men jamvel hjå han kjøvde suti for det timelege mykje verknaden av dei ordi Garborg hadde sått.

Sveinung Time skreiv godt i essaysamlingi *Om kulturell identitet* (Høgskolen i Bergen 1997) um tilhøvet Ibsen/Bjørnstjerne Bjørnson mot Garborg, men framleis vantar me både Garborgårbøker og ei vitskapleg utgåve av alt Garborg hev skrive. Halvor Sigurdsen viser til slutt til ein liktale Garborg skreiv i dagboki 11. september 1910 yver seg sjølv, og det kan vera at denne liktalen kan høva for privatpersonen og halvtateren Arne Garborg. Til minneord yver den geniale diktaren Garborg høver derimot eit dikt han tok med i Kvæde (1909), og som har fått tittelen Asram. Dei beste kommentarane til det diktet finn ein korkje hjå Rolv Thesen eller hjå Johs. A. Dale, men hjå den største nynorskdiktaren sjølv, i dagboki hans 11. august 1921.

Ivar Aasen-bøker

Ivar Aasen: **Norsk Maalbunad**. Samanstelling av norske ord etter umgrep og tyding, 2. utg. Hefta kr 60, i bd. 80 kr

Arne Garborg: **Ivar Aasen**. Fyreord av Trygve Lande. Fin miniatyr-bok. 1996, i bd. 95 kr

Jostein Krokvik: **Ivar Aasen – sosial frigjerar og nasjonal målreisar**. Livsskildring. 1996, bd. 250 kr

Jarle Bondevik og Oddvar Nes (red.); **Ivar Aasen-studiar. I**. Med artiklar av Jarle Bondevik, Andrew Robert Linn og Bjarne Ulvestad. 1998, hft. 160 kr

I serien med dei uprenta skriftene etter Ivar Aasen, utgjevne av Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset, er til no desse bøkene komne:

1. **Sunnmørsgrammatikkane** av *Ivar Aasen*. 1992, hefta 180 kr
2. **Målsamlingar frå Sunnmøre** av *Ivar Aasen*. 1994, hefta 200 kr
3. **Målsamlingar frå Bergens Stift** av *Ivar Aasen*. 1995, hefta 230 kr
4. **Målsamlingar frå Christiansands og Agershuus Stifter** av *Ivar Aasen*. 1997, hefta 230 kr
5. **Målsamlingar frå Trondhjems og Tromsø Stifter** av *Ivar Aasen*. 1998, hefta 230 kr
6. **Målsamlingar 1851 – 54** av *Ivar Aasen* hefta, 250 kr
10. **Dansk-norsk Ordbog** av *Ivar Aasen*, 2000, hefta, 230 kr

Norsk Bokreidingslag

Postboks 684, 5807 Bergen

Telefon 55 30 18 99 – Telefaks 55 32 03 56

Sagt:

Lutbrev i Statoil

Måndag, da børsen stengde i Oslo, var det omsett Statoil-aksjar for 5,1 milliardar kroner. Seinare på dagen kom meldinga frå New York: Der var det omsett Statoil-aksjar for 522 millionar kroner. 16 prosent av aksjane er på utanlandske hender, fire prosent er ått av norske småsparar og bedrifter. Likevel er det somme som i desse dagar kallar Statoil for eit "folkeaksjeselskap", mens olje- og energiminister Olav Akselsen og statoilsjef Olav Fjell går rundt og tek kvarandre i hendene og gliser. Det er det ingen grunn til.

Dag og Tid 21. juli 2001

Elvis på sumerisk

Den finske veikskapen for gamle språk som skal ha ført til uforståelege radiosendingar på latin, har no nådd eit nytt høgdepunkt. Akademikaren Jukka Ammondt har denne gongen ført Elvis Presley fleire tusen år tilbake i tida.

Denne månaden kjem Ammondts nye plate med ei innspeling av "Blue suede shoes" på sumerisk, det vil seia det språket som vart brukt i gamle Mesopotamia. Den gongen han song på Elvis-låtar på latin, avslutta han med ein medalje frå paven.

Dag og Tid 12. juli 2001

Elitespråk

Eg trur det var Einar Førde som sa det, at nynorsken lyt vakta seg vel for ikkje å ende opp som eit elitespråk for intellektuelle vestlendingar. Det var denne utsegna eg kom til å tenkje på då eg fekk sjå den siste lista frå Språkrådet over nytillatne nynorskord. For Førde tek feil og Språkrådet tek feil.

Jon Hustad, frå Ørsta, men busett i Oslo, i Dag og Tid 12. juli 2001

Dahl på vidåtta

av Lars Bjarne Marøy

De store ideologienes tid
Hans Fredrik Dahl
Oslo 2001

Det var med interessa at eg vilde lesa og setja meg inn i Hans Fredrik Dahls bok *De store ideologienes tid*. Dahl hev tidlegare synt at han kann skriva fordomsfritt um målsaki i norsk millomkrigssoga. I boki um kringkastingssoga hev han peika på korleis målstriden kring kringkastingi kann ha vore avgjerande for framtidi til i-målet. Den boki Dahl no hev skrive er den femte i ei rekkja um norsk idéhistorie. Dahl tek fyre seg tidbolken frå 1914-1955. Det er fleire stader i boki vanskeleg å skilja millom rein sogeskriving og det idéhistoriske. Faggrensone kann synast å vera noko lause.

Dahl freistar å snevra inn emnet sitt til å handla um dei idébrytingane som gjorde seg gjeldande i ålmennkulturelle tidsskrift. Han skriv korkje boksoga eller kultursoga, hevdar han. Det han derimot vil skildra er "...forløpet og de hovedstrømninger av ideer som gjorde seg gjeldende." Dahl meiner å finna fram til fleire ordskifteemne som berre kom upp i Noreg. Det gjeld: målstrid, norskdomsstrid, nøytralitetsstrid, helvetesstrid, mediestrid, debattar for og mot rimfrie vers.

Målstriden vert eit av dei emni som Dahl granskar. Utfrå det han sjølv segjer skal vera fokus er det hendingsgangen (forløpet) og dei viktigaste straumdragi av idear som gjorde seg gjeldande. Hendingsgangen vert soleis det fyrste ein må festa seg med hjå Dahl. Under vignetten «Kultur og nasjonalisme» på s. 190 kjem Dahl for fyrste gong inn på målstriden.

Han framsteller tidi fram til millomkrigstidi og inn i millomkrigstidi. Framstellingi ber tydeleg preg av at målstriden var i ferd med å spela ut rolla si. Dette er ein tese som er sett fram av fleire granskarar, men her må ein spyrja seg um kva kjeldegrunnlag ein byggjer på.

Dahl kjem med fleire påstandar som bør dryftast nærare. Han hevdar millom anna at tidlegare støttespelarar var i ferd med å verta utmatta av målstrevet, og at målrørsla vart uppfatta som for pågåande langt inn i venstrerørsla. Det låg stor kompromissvilje attum rettskrivingsnemndi av 1934, segjer Dahl. Her vert det nærliggjande å syna til arbeidet med 1917-rettskrivingi og ordskiftet kring denne rettskrivingi. Det verkar ikkje heilt tilforlateleg å hevda at det nasjonale var mindre aktuelt på 1930-talet enn på 1910-talet. Målarbeidet fekk ein sterk framskuv med 1917-rettskrivingi.

Det Dahl ikkje dryfter er innføringi av dei sokalla radikale riksmålsformene. Riksmålet var etter 1917 kløyvd i tvo vengar: ein radikal med innslag av a-endingar og ein med tradisjonelle former. Dette er ettervist av Ernst Håkon Jahr millom anna i boki *Østlandsmåla fram*. Um noko verka hemjande på målarbeidet må det ha vore at nynorsken fekk ein mottevlar innanfor riksmålet sjølv. Kvar gong nynorsken vart for brysam freista ein å finna løysingar som skulde halda uppe den nasjonale reisingsviljen, men som samstundes hindra ein samla front gjenom nynorsken.

Dahl viser til lov um målbruk i statstenesta og til Nikolaus Gjelsvik sine tankar um ei lov um innføring av nynorsk til einaste riksmål. Han slær fast at dette var tankar frå 1890-åri, frå glanstidi til norskdomsreisingi. Dahl meiner at dei nasjonale spursmåli hadde nått ut gjenom politiske og kulturelle stridsmål og at dei roma lite av mobiliserande kraft i 1930-åri. Det var færre uløyste saker og mindre av forbodne og såra kjenslor å appellera til. Norsk kulturmiljø og tenkjesett var so gjenomsyra av nasjonalistisk tradisjon at det måtte verta lite å henta for ei protestrørsla frå den kanten, slær han fast og sluttar av den fyrste framstellingsdelen av målstriden i boki.

Her må det vera grunn til å peika på den interessa som vart 1938-rettskrivingi til del. Den førde med seg det mykje umdryfte framgangsbykset

Til side 9

Dahl på vidåtta *frå side 8*

for nynorsken. Ein må òg peika på Indrebø-saki som vekte stort engasjement for mållovi. Dei prinsipielle sidone ved å strida fram nynorsken i kringkastingi, skulde vera nærliggjande å dryfta for Dahl. Målsaki var knapt so daud som Dahl gjev inntrykk av. Men ved kvart høve der målsaki kunde vinna fram vart det sett fram ei radikal utgåva av bokmålet. Det vart det òg i 1938. Denne lina med radikalt bokmål fekk tilhengjarar både i 1917 og i 1938, men i 1959 vart det ikkje sett fram noko radikalt bokmål. Det syner at det var på 1950-talet at nynorsken hadde mist den utbjodande krafti og ikkje på 1930-talet. Dette er eit poeng som veikjer framstellingi til Dahl.

Eit anna poeng som Dahl tykkjer å vera blind for er korleis ein gjeng akademikarar med millom anna Halvdan Koht i spissen greidde å vinna fram med samnorsklina i Arbeidarpartiet. Kva for ideologiske vyar var det i røyndi dei stod for? Korleis var det råd å dåra det norske folket tvo gonger med det radikale bokmålet? Fyrst ein gong ikring 1920 og so ein gong til på 1930-talet. Her stend Gustav Indrebøs analyse som ein klår og tankerett påle:

"Rotet som fylgde med det "valfrie" veikte. Agitasjonen for å draga fram alt som liktest på norskdansk i staden for å leggja vekti på sjølvstendig reising, ser ut til å ha soge krafti or sjølve målreisingstanken." (*Kva er målreising*, s. 152).

Og her skriv han berre um det som hende etter 1917. Det underlege er at det radikale bokmålet kunde stå framatt på nytt i 1938. Innspeli frå Dahl vert i beste fall flyktige og uinteressante. Den beste forklåringi som eg kjem fram til er at nynorsken framleis var so sterk på 1930-talet at leidande intellektuelle på bokmålssida spela ut kortet med det radikale bokmålet, so dei skulde få veikt ned nynorsken ein gong til.

På s. 378 held Dahl fram under tittelen «Språkstriden som idékonflikt». I det Dahl skriv finst det sumt som kann vera interessant um tilhøvet millom nynorsk og bokmål. Men Dahl avviser Gustav Indrebøs nasjonale målsyn. Det var for seint å hevda med tyngd at nynorsken var det norske målet. Ukritisk slær Dahl fast at det var folkemålslina som vann fram med Halvdan Koht som fremste mentor. Her kunde Dahl utan tvil ha dryft utsegni til Lars Roar Langslet um at Kohts folkemålslina lengde ut målstriden i 40 år.

Kann ein segja at denne lina vann i det lange løp? I Noregs Mållag var det strid til langt ut på 1950-talet. Når dei leidande nynorskinstitusjonane heilt ut tok upp i seg den nye rettskrivingi var folkemålslina stein daud. I ordskiftet kring riksmålet leid folkemålslina nederlag. Idéane um folkemålet var difuse og manifisterte seg vel fyrst og fremst i ein metaforikk knytt til gamalt mål versus nytt mål. Den nasjonale og etymologiske lina vart rekna for avaldra, medan den ortofone rettskrivingi av 1938 vart rekna for den nye og framtidsrette. Den nasjonale ideologien og metaforikken knytt til folkemålslina var ikkje so reint liten, heilt fram til 1950-talet. Det tykkjest å vera for lettvint å avvisa det nasjonale grunnlaget for målreising og målstrid på 1930-talet. Målstriden hadde so avgjort eit nasjonalt mobiliseringspotensial mykje lenger. Det kann ein millom anna finna grunnlag for å hevda i hovuduppgåva åt Marit Berntsen i norsk. Ho etterviser at Koht djupast sett argumenterte nasjonalt.

Trass i den ukritiske refereringi av at folkemålslina vann fram, peikar Dahl på at dei nærare umstendi kring at folkemålsstrategien vann fram ikkje hev vore granska. Her kunde det vera naturleg å visa til Per Ivar Vågland (*Målrørsla og reformarbeidet i trettiåra*, Oslo 1982) med fleire som hev skrive um målstriden i 1930-åri. Det er tydeleg at Dahl anten vantar kunnskapar um målstriden i 1930-åri eller at plassumsyn hev ført til at han hev måtta utelata vidare dryftingar. At Dahl vantar kunnskapar um målstoda og målsoga ber ein annan påstand i boki klårt merke av. Han skriv at lov um målbruk i statstenesta er "...den eneste lov som noen gang er vedtatt om et språkproblem i Norge." Det er i seg sjølv uppsiktsvekkjande å nytta ein so sterk målbruk i eit vitskapleg skrift i det heile. Endå meir hjelpelaust verkar det når lovverket jamnast kann trekkjast inn på viktige område som til dømes i lov um Norsk Språkråd. Hev verkeleg ikkje Dahl høyrt um den lovi?

Noregs Mållag

Ein innringjar meiner at Noregs Mållag ikkje hev mykje å fara med. Kjerneumrådi vert framstelte som ein slags bastion. Denne bastionen vert so yverfokusert med innspel um rettferd og jamstelling. Og av uppskryting no seinast. Det vert hevda at nynorskfolk er meir erotiske og fær fleire born, men korleis skal ein vinna fram med nynorsken i dei umrådi han ikkje hev vunne fram, og korleis kann ein tryggja nynorskprosenten når nynorskebrukarane skifter mål?

Elles hev Dahl lite nytt å fortelja um målstriden på 1950-talet. Me merkjer oss at Dahl meiner at riksmålsfolki henta kraft og styrkje i målstrevet gjenom åndeleg okkultisme og religiøs mystikk som gav djupn til den spesiell kristentrui som antroposofane hev.

Dahl hev gjeve ei sers yverflatisk umhandling av målsoga i denne boki. Ho inneheld lite og inkje nytt, og gjev dei same rangtydingane av målsoga som det lærebøkene gjev, og sume tider fleire. Eit ljospunkt merkjer me oss likevel. Gustav Indrebø er nemnd ved namn og tilvising til kjelda. Dette er eit sjeldsyn i denne typen publikasjonar. Vonlegt kann det verta meir enn eit eingongshende.

Asram

av Arne Garborg

Diktet Asram er etter Trygve Landes meining eit programdikt. Lande gjev ut eit tidsskrift som han beint fram hev kalla Asram. Diktet er skrive av Arne Garborg. Vestmannen tykkjer mun i å prenta dette diktet og gjera det kjent for nye lesarar. Kor programatisk diktet er, fær lesarane av Vestmannen gjera seg upp si eigi meining um. Her kjem kor som er diktet.

Eg Asram, Skalden, fylgde Herrens Ord
og vandra um i Lande
og saag kva Folke tok seg til;
og eg saag;
og mi Sjæl vart til eit Saar i mitt Liv;
ja eit Saar som bløder og aldri grøder
vart mi Sjæl;
for eg saag, at Folke maa døy;
og der er ingin som frelser.

Sine fedrar og sin Fedra Gud hev det gløymt;
naar han vert nemnd spottar det og segjer:
kven er han?
Vil han òg vera ein Gud?
Er der andre Gudar
enn Gudane aat Kanaan og Edom?
Og seg sjølv hev det gløymt,
og sine Skikkar og si Lov;
og kven skulde daa frelse?
For det lær aat sine gamle Skikkar og segjer:
me er ikkje Gjætarar.

Mose veks paa dei gamle Altar;
og Rev og Maard hev Hòlur der,
og Øle og Orm bur millom Steinane.
Men profetane fraa Filisterland og Edom
høyrer Folke paa;
og for deira Gudar vigjer det Altar og Lundar,
og ber Offer til deim;
og mannen tek Ervesylv or Skaap,
og kona dreg Fingergull av Hand,
og alt ber dei saman til dei framande,
at dei kann faa vera med hjaa deim,
og sitja til Bords i deira Gilde.

Dette saag eg; og eg sagde:
sandeleg, Herrens Domar kjem;
og kven vil daa frelse dette Folke,
som eg elskar?
Mi Sjæl grét,
og hjartetyngd kvad eg:
Reis deg, Herre, i ditt Velde!
Send din Eld og brenn ut
alt det rotne i Folke ditt;
og send dine Toresteinar,
og opna Himil-slusune,
at ein ny Flaum kann koma
og skylja det vonde burt;
men um det er berre eg og mitt Hus
som enno trur ditt Ord,
so frels meg og mitt Hus,
og reis deg sidan av meg eitt nytt Folk,
som du reiste Israel av Jakobs Lendar!

*

Men Herrens Ord kom til Profeten;
og Herren sagde:
gakk upp til ditt Hus,
til dine Sønir og dine Kvende!
Og Asram reis upp og gjekk til sitt Hus.
men daa han saag Huse,
og Lunden ovanum,
daa var Kvendi hans der
og Sønine;
og dei hadde reist eit Altar;
og dei ofra paa Altare,
og dansa og heldt Gjestebod;
og daa han kom nære inntil,
høyrde han at dei song
og ropa med framande Ord
til framande Gudar.
Og dei var prydde med kanaanitisk Stas,
og hadde fengi Prestar og Dansarar
fraa Tyrus og fraa Sidon.

Daa seig Profeten aat Marki
bleik som Fal.
Og han reiste seg og rømde til Skogs,
og kasta seg paa Jordi
og ropa til Herren og skreik;
og Ordi hans var vonlause og ville:

Skunda deg, Herre, og slaa meg ihel!
Eg vil døy! Fara til Helheimen,
der det ikkje er Tanke
og ikkje Minne;
høyr mitt Rop, Herre,
or Myrke-Djuvi!

Eg kovnar;
Berg tyngjer min Barm;
Natt sveiper seg um Augo mine,
og der er ingi Stjerne og inkje Dagblik;
alle Ljos sloknar paa ein Himil
som brultar av dine domar som av Torebrak.
Alt livande skjelv
og søkjer Gøymsle;
og eg, din Tenar,
ligg paa Jordi for di Aasyn,
og mine Bein visnar i meg.
For Stundi er komi,
den Rædslestund,
daa du støyter fraa deg Folke ditt
og søkkjer Lande i Have.
For jamvel dei rettferdige fell ifraa;
og dine eigne Tenarar vert ureine;
eg sjølv er urein;
og alt mitt Hus er ureint;
skunda deg, Herre,
slaa meg ihel!
Og han laag paa Jordi og var sjuk;
og Lemine hans røyvde seg ikkje.

*

Daa kom Herrens Ord til Profeten;
og Herren sagde:
statt upp, Asram.
Og Asram stod upp.

Men Herren sagde:
fall ned, Asram;
fall ned for Herren!
Og profeten fall paa sine Kne;
og han var rædd og skalv, som av Frost.
Men han sagde: Din Tenar høyrer.

Og Herren tala;
og Ordi hans var linne som ein linn Sus.

So sagde Herren:
høyr og ver sterk, min Tenar Asram!
Myrkre er yvi deg,
og du er sjuk av Harm;
og av di du elskar eit dømt Folk
maa du døy;
men di Sjæl skal lìva;
for dette Folke som du elskar
er ditt Folk.

Men syrg ikkje yvi det!
Det vil ikkje lìva;
sjølv hev det dømt seg,
som fordom Israel.
Det skal laupe etter framande
og ikkje eige Heim;
eg driv det ut
og spreider det yvi Jordi,
at det skal flakke um her og der
og træle for sine Brørar;
og kvar det kjem vert det upp-eti;
og det renn burt, og kverv;
og ingin veit kvar det vert av det.

Og framande Føtar
skal traakke Gravine aat eit utrugi Folk,
og eit framandt Maal
skal døyve Minne um det.
Og Beini deira morknar i Gløymsle;
og det er ingin som veit kvar dei ligg.

Men eit nytt Folk veks fram
som du ikkje kjenner;
det skal gjera min Vilje og høyre mine Ord;
og det skal ikkje bu her eller der,
men eige Jordi,
endaa det ikkje eig ho.

Av alle Folk hev eg valt det ut.
Desse er dei som er Brørar,
og elskar kvarandre og dyrkar meg;
og Urett hatar dei av Hjarta.
Som Tre ved Bekk skal dei grønke,
og bera Frukt
til Hugnad for alle som bur paa Jordi.
Men du, min Tenar Asram,
som elska ditt Folk og døydde i di Sorg,
di Sjæl manar eg inn i Syrgjepilen
som heng yvi Gravine;
og alle Fløytur som græt i Skogen,
og Sèvi som susar i einsame Vikir og Votn
naar Vinden gjeng ved Soleglads Bìl,
skal kviskre ditt Namn,
og di Sorg,
at du maatte sjaa ditt Folk døy
og kjenne dine Upphavsrøtar visne.

- - -

Profetar før og no

av K. E. Steffens

Olav Hammer:
Profeter mot strømmen
Wahlstrøm & Widstrand
Stockholm 1999

Den svenske religionshistorikaren Olav Hammer hev tidlegare gjeve ut ei ypparleg bok om Den nye tidsalderen: På spaning efter helheten, 1997. (Meld av meg i Teosofi i Tiden nr. 2/00 og i Alternativt Nettverk nr. 4/00). To år seinare kom han med ei ny og større bok der livet og verksemda åt i et utval av "profetar" vert skildra og framstelt. Profetane er kvinner og menn som på ymse omkverve hev skoda og røynt "sanningar" som grip dei so krevjande sterkt at dei ser det som si oppgåve og plikt å overtyda flest mogeleg om kor rette og sunne innsiktene deira er.

Sume av desse var karismatiske personlegdomar og grunnla rørsler med stor framgang og verknader heilt fram til vår tid. Til det mangfaldet av tilskuv som gjeng under namnet Den nye tidsalderen hev fleire av dei gjeve viktige tilskot, og granskinga av slike impulsgjevarar og tankane og rørslene deira hev i dei siste tiåra beint fram vorte eit akademisk vekstområde.

Fleire spursmål melder seg når ein vert konfrontert med slike eldsjeler. Ein vil gjerne få klårt greidt ut kva det er som skil dei frå rådande synsmåtar, og då må desse vera godt framstelte slik at avvika vert tydeleg markerte. So spør ein etter vegen fram til dei nye sanningane, korleis vart desse profetane medvitne om dei og korleis gjekk dei fram for å gjera dei ålment kjende. Og ikkje minst viktig er spursmålet om kvaliteten av desse innsiktene: kor sanne, sunne og rette er dei?

Hammer hev eit profesjonelt grep på emnet, er klår i framstellinga og rettleider godt om litteratur for dei som ynskjer grundigare kjennskap til personar og rørsler. Best tykkjer eg han er i skildringa av åndsstraumar, lærebygnader og personlegdomar, medan han er meir ustød når det gjeld akkurat kva det er ved sume av desse lærene som gjer dei til fantasifulle, men usætande konstruksjonar. T. d. hev ei lære om kvorvne kontinent vore ein fast og viktig del av okkultismen på 1800-talet og framover til vår tid. Av teosofisk og antroposofisk litteratur gjeng det fram at dramatiske hendingar spela seg ut på Lemuria og Atlantis, dei to siste av desse kontinenta, før dei vart øydelagde av naturkatastrofer. Hammer nemner nok fleire stader Atlantis, men ein kunne ynskt ei presis oppsummering av kjensgjerningar som syner at desse landmassene er geologisk umogelege og at klårsynt sannkjenning av tilburdar på slike kontinent med fylgjer for alt seinare menneskeleg åndsliv difor ikkje kan vera noko anna enn fantasifulle konstruksjonar. Kontinent kverv ikkje sporlaust, og hadde der ein gong lege ei slik landmasse i Atlanterhavet ville geologar og oseanografar ha funne tallause far etter henne. Ein kan soleis slå fast at alle okkulte lærebygnader der Atlantis og andre pseudohistoriske kontinent er ein viktig del i høg grad byggjer på sandgrunn, for å nytta eit bibelsk bilete. (Det er mogeleg at det ikkje gjeld for Gurdjieffs sys-

Til side 13

Tilskrifter

Ivar Aasen-sambandet
Formann Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9-322
0850 OSLO
Tlf. 900 26 380
Epost klausjon@online.no

Vestlandske Mållag
Formann Lars Bjarne Marøy
Eliasmarken 14, 5163 LAKSEVÅG,
Tlf. 55 34 33 77
Epost lbmaroy@c2i.net

Vestmannalaget
v/Jon Askeland, Krohnengsgate 3,
5035 BERGEN
Tlf. 55 58 93 03

Høgnorskringen
Formann Håvard Tangen
Grensa 8
0159 OSLO
Tlf. 22 74 59 55
Epost: haavard.tangen@runbox.com

Norsk Bokreidingslag
v/ Jon Askeland
Postboks 684,
5807 BERGEN
Tlf. 55 31 66 29

Sunnmøre Vestmannalag
Svein E. Kvamsdal
Prestegata 2
6100 VOLDA

Blindern høgnorsklag
Formann Kjetil Aasen
Tlf. 911 47 441
Postboks 49, Blindern
0313 OSLO
Kontonr. 0536 37 99 673

Ivar Aasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnad åt vestmennene og høgnorskrørsla. Sambandet arbeider for målupplysning, måldyrking og målreising. Sambandet krev fulle rettar for nynorsk i Noreg, og krev i nynorsk full jamstelling for i-målet som Ivar Aasen valde.
Sambandet hev ei sergjerning i norsk målrørsla; både lag og einskilde kann vera med. Skriv deg inn!
Årspengar kr. 50,-
Innmelding til formannen:
Formann Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9-322
0850 Oslo
Tlf. 900 26 380
Epost klausjon@online.no
www.sambandet.no
Giro 0814 20 27 209

Profetar før og no frå side 12

tem. Slik Atlantis er presentert i fyrste del av tribandsverket *All and Everything*, kan det primært dreia seg om eit symbol for ein "drukna" eller fortrengd del av medvitet.)

Ein kunne òg ynskt ei klår og skarp oppstelling av dei historiske og arkeologiske fakta som syner at Joseph Smiths påstand om opphavet til indianarane og korleis forfedrane deira tok seg over Atlanterhavet er reinspikka strupl.

Rett nok vil ikkje Thor Heyerdahl avsanna korkje Atlantis eller transatlantiske sjøreiser i oldtida. Men det teoretiske byggverket til Heyerdahl er i dag stort sett ein ruin, noko som gjeng tolleg klårt fram av Roar Skolmens bok *I skyggen av Kon-Tiki.*

Når det gjeld spursmålet om sanning, er Hammer i det store og det heile avvisande. På mildt og forståande vis er synet hans psykologiserande og reduksjonistisk. Han ovundrar den skapande fantasien til fleire av desse profetane, men det dei hev skoda og lagt fram og streva for er ikkje "sant" i den tydinga at det svarar til intersubjektive og vitskapleg påviselege røyndomar. Klårsynt lesing i verdsminnet ("akashakronikken"), hypnotisk regresjon til tidlegare liv, spådomskunst og kontakt med avdaude eller andre slags ånder (spiritisme og kanalisering) er anten hallusinasjonar eller byggjer på ein magisk eller prelogisk tenkjemåte som ikkje kan gjeva objektiv kunnskap.

Det kan snaudt råda fornuftig tvil om at Hammers syn stort sett er rettkome og råkande når det gjeld dei profetane og rørslene han skildrar og dryfter i denne boka. På grunnlag av eigne røynsler syner han korleis astrologi og hypnotisk regresjon kan gjeva resultat som verkar sers overtydande, men berre so lenge den kritiske fornufta er fråkopla. Det er nok slik at der i mannehugen er ein trong til innordning i meiningsfulle samanhengar og mynster, og truleg er me meir eller mindre programmerte til å underordna oss karismatisk leidarskap som kan stetta ein slik trong.

Eg tykkjer likevel at Hammer ikkje er so rettvis andsynes okkult røynsle og esoterisk orientering som han kunne eller burde vera. Endå om det meste av slik ideologi er usætande tankespinn, kan ein i botnen finna ein hard kjerne av paranormale ovringar det er sers vanskeleg å bortforklåra rasjonelt. Ein kan leggja fram eit materiale som gjer det sers sannsynleg at det rådande, "fornuftige" og naturvitskapleg etablerte synet på kva som er røyndom og verd å trå etter ikkje er anna enn eit brot eller utsnitt av ei langt større og rikare verd.

Ei viktig "opning" for meg var boka *Hemmelighetsfulle Tibet* av Alevandra David-Neel. (Norsk omsetjing 1945. Forfattarinna hadde faktisk norske forfedrar!) Det ho fortel om paranormale røynsler og fenomen i Tibet verkar overlag nyktert og truverdig og samstavar godt med liknande ovringar i andre kulturar. Tolking og ideologisk samanveving sprikjer ofte, men grunnlaget av autentisk røynsle er i mangt det same.

Med dei to bøkene sine stend Hammer fram som ein av dei fremste kjennarane av alternativ religiøsitet og åndsliv som me hev i Norden. (1) Dei hev høg fagleg standard, samstundes som dei vender seg til eit tolleg breidt publikum med interesse for slike emne. Og, som eg hev skissert: dei er ei fin utbjoding til alle som tenkjer meir eller mindre "alternativt".

(1) Etter at dette vart skrive hev Hammer fenge stilling som assisterande professor i religionshistorie ved universitetet i Amsterdam. Han hev i år gjeve ut *Claiming knowledge: Strategies of epistemology from Theosophy to the New age*, ei bok det kanskje kan verta høve til å melda i Vestmannen.

Heidersgåva av Gjelsvikfondet

Heidersgåva av Gjelsvikfondet vert utetla av Norsk Måldyrkingslag (Akademi for det Norske Målet). Gåva vert gjevi for den nynorske boki som er framifrå i innhald og stil, og attåt skrivi på det reinaste og beste målet.

Kva litteratur-grein boki høyrer til, hev ingen ting å segja. Diktverk, vitskaplege arbeid, vanlege upplysningsbøker, umsetjingar, ordbøker osb, kjem på lik line i tevlingi.

Domsnemnd er fyrste-amanuensis Johan A. Schulze, Ullevålsalléen 4, 0852 Oslo, professor Olav Sunnanå, Øvre Smestadveg 38, 0378 Oslo og bladstyrar Jostein Krokvik, 6143 Fiskåbygd.

Bøker til tevlingi lyt sendast beinveges til domsmennene innan *5. september 2001. NB! Ei bok til kvar domsmann* – av bøker utgjevne i år 2000.

Vensam helsing

NORSK MÅLDYRKINGSLAG
Hallvard Bergwitz
skrivar

Framifrå bok frå eit granneland

av Johannes Gjerdåker

Aino Kallas:
Det kvite skipet og andre noveller
Til norsk ved Liv Hatle
Gyldendal 2001

Nordmenn flest har lite kjennskap til finsk dikting, fordi få bøker av så få finske diktarar er omsette til norsk. I februar i år kom endeleg ei bok av Aino Kallas (1878-1956) ut på norsk, det er "Det kvite skipet", ei samling av tolv noveller. Aino Kallas voks opp i Helsingfors, ho var dotter til Julius Krohn og syster til Kaarle Krohn som båe var kjende folkeminnegranskarar og litteraturvitskapsmenn. Ho vart i 1900 gift med Oskar Kallas og flytte med han til Estland, heimlandet hans. Aino Kallas skreiv finsk all sin dag, men hjarta hennar vart bunde til Estland og det estiske folket.

Novellene er forteljingar frå ymse bolkar av fortids liv i Estland som ho levde seg inn i med intuisjon og lærdom, og gjorde seg til eitt med. Det er historiske noveller av eit slag som knapt har parallellar i norsk bokheim. Tryggve Andersen sine forteljingar frå Mjøsbygdene har noko sams med hennar noveller, men han fortel mest om menneske frå éin tidbolk, medan ho skildrar menneske og miljø frå vidt åtskilde tider.

Alle forteljingane i "Det kvite skipet" omhandlar klasseskilnader og klassemotsetnader, som i Estland har vore mykje meir djuptgåande enn i Noreg, i alle fall enn i norske fjell- og fjordbygder. Miljøet i Aino Kallas sine noveller er oftast Saaremaa, landsdelen der ho kom til å bu lenge. Klassemotsetnadene der byrja i høgmillomalderen då tyske krossfararar, sverdriddarar, drog austover til landa på søraustsida av Austersjøen for å kristna og kolonisera. Frå den tida, gjennom over seks hundre år fram til ikring år 1900, stod på den eine sida dei jordlause leiglendingane som tala estisk. Dei levde som trælar. På hi sida stod godseigarane, adelen. Dei var tysktalande etterkomarar av sverdriddarane og heldt oppe tysk mål for sin eigen klasse gjennom alle desse hundreåra. Dei hadde noko nær uavgrensa rettar andsynes ålmugen, det estiske folket i dette tilfellet. Såleis fortel novella "Trælane" at det eldste barnet i kvar ungeflokk hjå leiglendingane hadde tydelege trekk frå godseigaren sin utsjånad, fordi denne eigaren nytta retten sin til å vera saman med brura fyrste natta etter brudlaupet, når ein av undersåttane gifte seg. Denne "retten til fyrste natta" er kjend frå vesteuropeiske land òg, men det er mykje strid om kor vidt han har vore praktisert. Faghistorikarar er samde om at dei skandinaviske folka aldri har kjent nokon slik rett, heller ikkje andre nasjonar i nordvest-Europa.

Ei tridje gruppe var prestane som vart rekrutterte frå adelsklassen og i alle viktige saker stod på adelen si side. Prestane tala tysk, og så seint som ikring år 1900 var det framleis sume av dei som ikkje tala estisk og ikkje ville tala dette målet. Derimot hadde klokkarane estisk til morsmål, for dei kom frå ålmugen. Adel og presteskap var på vakt mot klokkarane, fordi dei vart haldne for å vera fårlege emne til omstøytarar og revolusjonære oppreistmenn. Dei var opplyste og fylgde med i den politiske framvoksteren.

Ei av novellene har tittelen "Presten og klokkaren". Miljø og handling er her frå tida kring 1870. Presten i denne soga la klokkaren sin for hat etter ei gudsteneste i ei av annekskyrkjene. Der skulle presten seia fram Fadervår på estisk, truleg fordi alle som var til stades skjøna berre dette målet. Han byrja, men kom ikkje langt, før enn orda stokka seg for han. Fleire gonger prøvde han, men vart ståande fast kvar gong. "Sei fram bøna du, Arras!" sa han til sist til klokkaren, og Arras gjorde det. Aldri tilgav presten klokkaren dette.

I novella står klokkaren ein ettermiddag rett opp og ned på golvet i prestekontoret i sumarheten, slik som han er tilsagd, medan presten sit ved bordet og fører inn i kyrkjeboka. No fortel klokkaren at godseigar Vaida har kravt endå ei ung brur til seg frå eit brudlaup hjå ein leiglending. Presten vert arg og kvesser i: "Kva kjem dette deg ved?" Klokkaren svarar: "Ikkje meg kjem det ved, men Dykk, nådige soknepresten!".

Her skal ikkje gjevast att innhaldet i novellene, men kvar av dei gjev nye innsyn i menneskelivet. Aino Kallas fortel truverdig og sterkt. Det er i Bibelen og i folkeleg forteljartradisjon ho har funne førebilete for seiemåte og oppbygnad, og lesaren får kjensla av å høyra Aino Kallas si røyst i Liv Hatles framifrå gode omsetjing. Mange vil vera takksame dersom omsetjar og forlag kan gje meir av Aino Kallas på norsk.

Årsmøte i Høgnorskringen

Det vert årsmøte i Høgnorskringen i Oslo 5. oktober. Håvard Tangen fortel at Høgnorskringen emnar sterkt på å få gjeve ut eit serprent. Serprentet skal gjeva eit yversyn yver stoda for høgnorsken i dag. Heftet skal taka fyre seg eit filosofisk perspektiv, eit målføreperspektiv, ei jamføring millom høgnorsken og bymåli og eit yversyn yver vilkåri for språkteknologi på høgnorsk.

Årsmøte i Norsk Bladmannalag

Det vert årsmøte i Norsk Bladmannalag i samband med at Høgnorskringen hev årsmøte. Årsmøtet i Bladmannalaget vert i dette høvet lagt til Oslo. Laget er samansett av skrivande folk som nyttar høgnorsk mål, og soleis høver det godt å halda årsmøte i laget samstundes med årsmøtet i Høgnorskringen. Det vil koma nærare innkallingar til lagslemene i dei tvo lagi.

Norsk Målsoga kjem endeleg!

Jo Gjerstad og Håvard Tangen fortel at Målsoga av Gustav Indrebø er på veg. Den siste finpussingi skal vera undangjort når Vestmannen gjeng til prenting. Vestmannen veit at Tangen hev lagt ned eit stort arbeid med å fylgja upp korrekturlesingi av Målsoga, og me vil helsa han og medarbeidarane hans lukka til i det siste arbeidet.

Verdfulle bøker

Gunnstein Akselberg og Jarle Bondevik, red.:
Heidersskrift til Oddvar Nes
24 artiklar frå mål- og namnegransking. Hefta 275 kr

Alv Askeland: **Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi.**
Frisk essay-samling på godt mål um grunnleggjande spursmål for norsk folkestyre og sjølvstende. Gjelsvik-prisen. Hefta 135 kr

Alv Askeland: **Kyrkjeljod. Salmar**. Hefta 115 kr

Jarle Bondevik og Andreas Bjørkum: Festskrift til **Anders Ohnstad**. Hefta 200 kr

Conrad Clausen: **Festskrift til Ludv. Jerdal**. I bd. 195 kr

Gunnar Gilberg: **Sjå attum** (dikt). Hefta 80 kr

Hannaas, Clausen, Jerdal: **Vestmannalaget 110 år**. I bd. 200 kr

Sigrid Omland Hansteen: **Idyllar i ei ulvetid** (dikt). Hefta 130 kr

Arne Horge: **Gråskuggen**. Fin barnebok med teikningar av Dagfinn Instnes og unge hjelparar. I bd. 168 kr

Ludv. Jerdal: **Heimlandet dreg**. Roman. Hefta 45 kr, i bd. 65 kr

Ludv. Jerdal: **Grundtvig og folkehøgskulen i dag**. I bd. 130 kr

Jostein Krokvik: **Norskrøtt skriftmåls store fall**. Um det nynorske atterslaget i etterkrigstidi. Hefta 130 kr

Jostein Krokvik: **Ny Hungrvekja og Jan Prahl**. Hefta 160 kr

Jostein Krokvik: **Mål og vanmæle**. Soga um det offentlege målet. Hefta 160 kr

Jostein Krokvik: **Kjettarord um norsk målalkymi**. Hefta 24 kr

Gudlaug Nedrelid: **I ulvekjeften** (dikt). Hefta 110 kr

Olav Nygard: **Dikt i samling**. 100-årsutg. ved Conrad Clausen. I bd 145 kr

Sigurd Sandvik: **Skriv betre norsk**. Rettleiding i målbruk. Hefta 115 kr

Sigurd Sandvik: **Suldalsmålet II**. Ny samling ord og ordlag frå Suldal. Hefta kr 100,-. Suldalsmålet I og II samla for 200 kr

Sigurd Sandvik: **Litl-Ola.** Um 7-åringen Litl-Ola som veks upp på fjellgard i Suldal på 1920-talet. Astrid Haugland teiknar. Hefta 145 kr

Sigurd Sandvik: **Stølsguten**, Ola hev vorte 9 år og er gjætargut. Samstundes skildring av arbeidsliv og folkeliv i Suldal. Hefta 145 kr

Gustav Indrebø: **Norsk Målsoga**. Det store målsogeverket. I band 350 kr

Gustav Indrebø: **Kva er målreising. Utvalde artiklar**. Hefta 50 kr

Gustav Indrebø: **På norsk grunn**. Hefta 125 kr

Inger Indrebø Eidissen: **Gustav Indrebø. Ei livsskildring**. Skildra frå nært hald. I band 230 kr

Nikolaus Gjelsvik: **Von og veg**. Gjelsviks høgskatta ervebrev um norsk målføring. I band 60 kr

Severin Eskeland: **Framandordbok**. Einaste nynorske. I band 115 kr

Severin Eskeland: **Ei minnebok**. I band 50 kr

Eigil Lehmann: **Reise det som velt er**. Hefta 115 kr

Eigil Lehmann: **Færøysk-norsk ordbok**. I band 150 kr

Eigil Lehmann: **Islendsk-norsk ordbok**. I band 250 kr

Eigil Lehmann: **Norsk-islendsk samtaleordbok** (parlør). Hefta 20 kr

Eivind Vågslid: **Stadnamntydingar IV**, hefta 65 kr

Dessutan folkeminnebøker frå Hardanger av Halldor O. Opedal, forvitnelege bøker av Ola Breivega, dikt av Eigil Lehmann, romanar, dikt, og folkeminnebøker av mange andre bokskrivarar! Bed um utførleg boklista!

Norsk Bokreidingslag
Postboks 684 – 5807 Bergen
Tlf. 55 30 18 99 Faks: 55 32 03 56 Postgiro 0809 3918844

Marøy, Lars Bjarne
Øverbyen vidareg. skole
2200
2200 Kongsvinger

ISSN 0800-8647

C-BLAD

RETURTILSKRIFT:
Vestmannen
v/ Kjetil Aasen
Sjølvbyggjarvegen 102
0591 OSLO

Klårgjering av Kviterussland

Denne boki har fenge lovord frå historikarhald, har eg sett, det var difor eg lånte henne på Universitetsbiblioteket i Oslo, og eg vart inkje misnøgd med lånet. Forfattaren skriv ledugt, men sume vendor kjennest rett nok meg noko uvant. Kanhende kjem det av at det snart er eit halvt hundradår sidan boki vart til.

Innan han legg i veg med sjølve den kviterussiske soga gjer Nicholas P. Vakar greide for namnet "Kviterussland". "Kvit" i tydingi "skattefri" kjem frå Asia og vart millom anna brukt um dei gamalrussiske fyrstane som berga sjølvstendet sitt ved å finne livd innanfor det litauiske storriket. Lenger aust laut fyrstane svara skatt åt tatarkhanen.

Ein styrkje ved boki er det tette samspelet millom kultursoga og den politiske soga. Det kviterussiske folket so tidt i kluve millom litauarar, polakkar, russarar og tyskarar under ulike ideologiar vert dimed skildra med stor innleving, og lesaren vil med eitt skyne kvifor motmennene til dagens einsretta styre i Kviterussland under president Aleksandr Lukasjenko nett har slege seg til i Vilnius i Litauen.

Forvitneleg er det å fylgje soga åt det kviterussiske målet. Ei stutt og greid inngonge på norsk åt denne målsoga står å lesa i *Slavisk målreising* av Olav Rytter frå 1934, uppattprenta til billegbok av Det Norske Samlaget i 1971.

Arne Horge

Normeringspolitikk i Noregs Mållag

I samband med landsmøtet i Noregs Mållag var sakspapiri til landsmøtet utlagde på internett. Vestmannen merkte seg sterke upptak frå Voss Mållag. Mållaget på Voss ynskte å reisa normeringsspursmålet som eigi sak på landsmøtet, men vart avvist av styret. På sjølve landsmøtet vart det ikkje røysting yver um normeringspolitikken skulde takast upp som eigi sak. Men Oddmund Hoel, leidar i Noregs Mållag, lova på landsmøtet at normeringsspursmålet skulde koma upp på eit eige seminar i arbeidsbolken. Det er eit teikn på at normeringssaki ikkje let seg feia under teppet.

LBM

Snakk med oss
om Plassering

Vi gir deg betre råd!

KREDITKASSEN

HER FINN DU OSS I HORDALAND:
Arna - Bryggen - Fana - Fyllingsdalen - Landås - Rådhusplass - Åsane
Askøy - Austevoll - Bømlo - Nordhordland - Os - Osterøy - Sotra

Sluttordet

Det er betre å leva av sin eigen styrke enn av veikskapen til andre.

ukjent upphav